

Klårt for påske-quiz med 16 lag!

26.03.2010



I kveld er førebuingane i full gang for eit høgdepunkt i Uskedalen denne påska: Quiz i Helgheim, som startar laurdag klokka 20. !

Dei driftige Aktivitetshusets Damevenner som har hatt ideen til og står bak arrangementet har så langt skaffa plass til 16 lag i salen.,

Men hvis 2 til melder seg på lovar dei å få plass også til dei. Og ettersom kvart lag kan stilla med 6 betyr dette at det kan bli rundt 100 deltakrar.

- Vi gler oss, sa trioen Anita Enæs, Klara Bakke og Ann Kristin Musland til uskedalen.no då borda var kome på plass og dei tekniske førebuingane også var i gang.

Samstundes vart mat og drikke lasta inn, for her blir det frista både med øl, vin, kaffe, nachos med dip, chips og pølse med brød.

Det blir først 5 rundar med 12 spørsmål i kvar og etter ei pause kjem 2 avsluttande rundar.

I den eine av dei sistnemnde rundane blir det delt ut biletark der ein skal gjenkjenna kven/kva/kor. I den andre runden skal ein finne løysinga gjennom stikkord som blir lese opp.

Over ynskjer Anita, Klara og Ann Kristin velkome til ein kjekk kveld som vil stille skikkelege krav til hjernevinnингane.

(Foto: Ola Matti Mathisen)